



28.05.2020

MØTEINNKALLING

Møte i **Lektorutdanningsutvalget ved Humanistisk fakultet (LUHF)**,
tirsdag 2. juni 10.15-12.00, møtet blir avholdt digitalt

Sigrid Ørevik (leder)
Xavier Llovet Vilà
Endre Brunstad
Sissel Undheim
Alexander Rabben Mohr
Stine Opsahl
Terje Torgilstveit (sekretær)

I Godkjenning av innkalling og sakliste

II Orienteringssaker

1. Orientering fra møter i
 - a. Praksisutvalget
 - b. Studiestyret; bl.a. om mentorordningen og om erfaringer på HF med digital undervisning.
 - c. Programrådet; bl.a. om arbeidet med lektorsenteret.
2. Orientering om digital vitnemålsseremoni.

III Saker

14/20 Arbeidskrav og vurderingsformer på PPU-emne i didaktikk

I mange år har vurderingsformene på fagdidaktikkemna for 2. semester på PPU vore lagt opp slik at studentane vel mellom ei skriftleg, rettleidd prosjektoppgåve i det eine faget og munnleg eksamen i det andre faget. I samband med forslag til emnevask har PPU-administrasjonen ved psyk.fak. gjort didaktikarmiljøa merksame på at dette gjekk ut av programbeskrivelsen for over ti år sidan, og at det ikkje er høve til å stilla slike krav på emnenivå. Denne ordninga er også problematisk fordi ikkje alle didaktikkemne har desse vurderingsformene, og fordi PPU no også tilbyr ettfagsmodellen.

Sidan det dermed ikkje lenger er høve til å «styra» fordelinga av vurderingsformene mellom studentane sine to didaktikkfag, må det gjerast andre grep for å få til vurderingsformer i didaktikkemna som utfyller kvarandre, slik at det blir eit heilskapleg læringsutbyte på studieprogramnivå. Så lenge ein sikrar at studentane oppnår læringsutbyttet på studieprogrammet og på emnet, er det ikkje avgrensingar på vurderingsformer utover UiB si studieforskrift (§6.2). Det er likevel viktig at vurderingsformene reflekterer omfanget og læringsutbyttet på emna, og det bør ikkje vera for stor skilnad i

arbeidsbelastning og omfang på de ulike emna.

Sidan saka om vurderingsformer i didaktikkemna involverer alle fakulteta, må ho løftast til Programrådet, etter å ha vore diskutert på institutt- og fakultetsnivå. Det er frå hausten 2020 innført ei semestervis planleggingssamling (workshop) for emneansvarlege i PPU, som kan vera eit forum for å arbeida med å få til heilskaplege vurderingsformer, både når det gjeld didaktikk- og pedagogikkemne.

Ein mogleg idé til å sikra variasjon, balanse og heilskap i vurderingsformene mellom didaktikkemne i 2. semester kan vera å innføra ein type mappevurdering i kvart emne som opnar for kombinasjonar av skriftlege tekstar og tekstar framstilte gjennom digitale media som film eller podcast. Obligatoriske arbeidskrav kan som før knytast til den langsiktige utviklinga av tekstane i mappa, med interaksjon mellom studentar. Det kan også vera andre moglege løysingar for å få til gode vurderingsformer, og dette bør vera ein overordna diskusjon som involverer alle emne i PPU-programmet.

Forslag til vedtak: LUHF registrerer at ein ikkje har høve til å pålegga studentane visse kombinasjonar av vurderingsformer på emnenivå. LUHF ber difor Programrådet ta opp spørsmålet om korleis ein kan sikra variasjon, balanse og heilskap i vurderingsformene for 2. semester på PPU på programnivå.

15/20

Status og erfaringer med korona-situasjonen

Det er bl.a. begrensinger i romkapasiteten og timeplanene for høsten er fremdeles ikke ferdigstilte. Emner bør dessuten ha digital vurdering, så fremt det ikke er gode faglige argumenter for noe annet. Vi bør diskutere om det er noen saker i forbindelse med planleggingen av høstsemesteret som bør tas videre.

IV

EVENTUELT

Sigrid Ørevik
Leder PUHF

Terje Torgilstveit
Sekretær